



## Standard for sosial kompetanse på Lidar skule

*Sosial kompetanse er eit sett av ferdigheter, kunnskapar og haldningar som trengs for å meistre ulike sosiale miljø. Sosial kompetanse er viktig for å etablere og vedlikehalde relasjonar, og bidreg til å auke trivsel og fremme utvikling og læring. Elevane utviklar sosial kompetanse både i undervisninga og i alle andre aktivitetar i skulens regi. Fagleg læring kan ikkje isolerast frå sosial læring.*

### For å ivareta eit godt sosialt miljø på Lidar har vi fokus på:

- Ein tett og god dialog mellom skule og heim er avgjerande. Heimen er den viktigaste samarbeidspartneren vår.
- Det tverrfaglege temaet livsmestring og folkehelse skal prege arbeidet vårt.
- Elevmedverknad og medansvar er viktig på alle trinn og i alle fag.
- Elevane og dei vaksne på Lidar skule skal kunne vere med kvarandre på ein omsynsfull og respektfull måte.
- Eit systematisk arbeid med læringspartnar øver elevane i samarbeid og problemløysing i fellesskap.
- Kvar elev skal få ivareta og utvikle sin eigen identitet i ein inkluderande fellesskap.
- Vi har eit tett og godt samarbeid med sosiallærarar, miljøretteleiarar og helsesjukepleiarar.
- Vi har foreldremøter og foreldreskule der aktuelle tema blir teke opp. Dette legg til rette for eit godt samarbeid mellom skule og heim.
- Gjennom foreldreskule og sosiale arrangement ynskjer vi å legge til rette for at foreldra blir godt kjende med kvarandre. Då vil det bli enklare å ta kontakt med kvarandre for å dele erfaringar. Dette gjev positive ringverknadar for skule- og klassemiljøet.